



Referat Fau ved Bryne ungdomsskule
Måndag 7. september kl. 18.00

Til stades	Iselin Gjære Lothe (rektor) Sikke Hognestad (leiar av FAU og 8.trinn), Ådne Eikeland (10.trinn), Anders Madsen (9.trinn), Dorte Bekkeheien Hovland (10.trinn), Zofia Nedrebø (9.trinn), Marita Hodne Skjørestad (8.trinn)
Informasjon om ansvar for FAU, SU og KFU	FAU ansvar: - Jobbe for eit trygt og godt læringsmiljø - Drøfte form på tilbakemelding på fagleg og sosial kompetanse - Jobbe for eit mobbefritt skulemiljø - Ta initiativ til sosiale tiltak for elevane - Kan halde kurs for foreldrekontaktar - Kan halde samlingar for foreldre og lærarar - Kan vere ein informasjonskanal ut til alle føresette - Bør samarbeide med elevråd, skuleleiinga og tilsette - Kan ha kontakt med lag, organisasjonar og næringsliv i nærmiljøet SU kan uttale seg om: - Forslag til budsjett - Utviklingsplanar for skulen - Plan for heim-skule-samarbeid - Skulevurdering - Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga - Skulens informasjonsverksemd - Prinsipp for val av bøker til biblioteket - Fritidsaktivitetar - Skuleskyss - Trafikktilhøva og sikring av skuleveggar - Ordensreglementet

	KFU – kommunalt foreldreutval: - Sakar som omhandlar Timeskulane som læringsmiljø, bygg av skular, kommuneøkonomi, heim-skule samarbeid
Sak 1	<u>Info frå skulen</u> Oppstarten - Nasjonale prøvar på 8.- og 9.trinn. Resultat kjem i slutten av oktober - Kartlegging av trivsel slik at elevane kan si i frå om ulike ting på skulen og at skulen kan følgje opp - Bryne ungdomsskule har fått sertifisering som Olweus-skule i tre nye år - Verdens dagen for psykisk helse før haustferien – nært knytta til verdens dag temaet - Praksis-skule. 9 studentar skal innom i løpet av skuleåret - Vi markerer gravferda til kongen på onsdag. Eit minutt stillheit kl 13.00. Klassevis følgjer elevane gravferda på tv Utviklingsarbeid - Langsiktig mål – tal på elevar som får individuell tilrettelagt opplæring skal ned (3-4 % innan 2029) slik at dei som verkeleg har behovet skal få ei slik tilpassing - Får til ein universell undervisning som famnar alle, at elevane føler ei tilhøyrse til skulen og undervisninga - Arbeide med vurdering – vi har eit potensial til å bli betre i å formidle korleis elevane kan forbetre seg - Revisjon av ITO Økonomi - Tilskot til praktisk undervisning (materiell, friminutsaktivitetar, andre fag kor ein har behov for konkretar) - Tilskot til fysiske lærebøker – supplert til dei læreverka vi allereie har

	- Tilskot til skulebiblioteket – lesekonkurranse i år i regi av EH9 Foundation
Sak 2	<u>Utfordringar med sykkelturar i skuleregi</u> - Det er forventningar om at lærarar kan køyre elevar – dette gjelder berre elevar som har personleg assistanse - Alle med på tur eller ha eit alternativt opplegg for elevar på skulen? - Alle elevar har ikkje tilgang på sykkel eller hjelm. - Utfordringar med tanke på bruk av hjelm og el-syklar Forslag til tiltak - Vi tar det opp på foreldremøtet nå i haust - Elevane må søke til leiinga om å få lov til å bruke el-sykkel på tur
Sak 3	<u>Trygge skuleveggar i Time</u> - Time kommune skal i gang med eit arbeid med å sjå på trygge skuleveggar i Time i haust, for å avdekke endringar sidan 2017 - FAU og KFU vil få oppdatert informasjon om arbeidet etter kvart, og planen er at det skal vere klart i løpet av hausten 2026
Sak 4	<u>Avslutningsfest for 10.trinn</u> - Måndag 21.juni 2027 - Tidspunkt? 18.00 eller 19.00
Sak 5	<u>Eventuelt</u> Nytt flaggreglement i Time kommune - Regnbogeflagget symboliserer mangfald og inkludering på den årlege pride-arrangementet i kommunen - Årsaka til avgjerda, er knytta til overordna del i LK20 (anerkjenne mangfald som ein ressurs. Elevane ska lære å respektera ulikskap og forstå at alle har ein plass i fellesskapet) Dato for møter Måndag 19.oktober kl 17.30 Måndag 16.november kl 17.30 Tysdag 5.januar kl 17.30 Tysdag 23. februar kl 17.30 Måndag 19.april kl 17.30

	Måndag 31.mai kl 17.30
--	------------------------

Referent: Marita Hodne Skjørestad

Postadresse	Bryne ungdomsskule	Tlf	51776000	Rådhuset
Rådhuset Postboks 38 4349 Bryne	Sveinsvollsvegen 5 4340 Bryne	Tlf 51776440	Bryne ungdomsskule	